



Høyringspartar

Vår referanse
19/15352 19/16641

Din referanse

Sakshandsamar
Per Ivar Kongsvik

Dato
06.10.2019

Kommunalt skysreglement - høring

Geografien i nye Volda kommune gjer det naudsynt med skuleskyss for mange av grunnskuleelevane.

I 2018 hadde 56,4 % av elevane i Hornindal kommune skuleskyss, medan 14,4 % av elevane i Volda kommune hadde det same. Samla utgjer dette om lag 245 elevar.

Dei aller fleste av desse har rett til skyss grunna avstanden mellom heim og skule, medan nokre har kommunal skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Med ny kommune er det naudsynt å revidere/utarbeide nytt kommunalt skysreglement, som er å sjå på som ei forskrift.

Som forskrift er reglementet nyttig for å sikre tydelege retningslinjer og gjere det føreseieleg for elevar og føresette.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Møre og Romsdal fylkeskommune har hovudansvaret for skuleskyssen. Kommunen er forvaltningsorgan for skyss med grunnlag i særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Fylkeskommunen sitt ansvar gjeld skuleskyss ut i frå avstandskravet på 2 km (1. klasse) og 4 km (2.-10. klasse), båttransport, skuleskyss for elevar med nedsett funksjonsevne, skyss ved mellombels skade eller sjukdom, elevar i avlastning og på helseinstitusjon med meir.

Fylkeskommunen har høve til å kontrollmåle avstanden mellom heim og skule for å vere sikker på at avstandskravet er innfridd. Utgangspunktet er gateadresse eller gards- og bruksnummer, og fylkeskommunen har eiga digital [avstandsutrekning](#).

Kommunen som forvaltningsorgan

Rådmannen har delegert til kommunalsjef oppvekst å handsame søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Ved evt klage på vedtak i slike saker er Fylkesmannen i Møre og Romsdal klageinstans. Sentrale prinsipp ved forvaltninga er at ho skal vere regelstyrt, føreseieleg og basert på likehandsaming.

Folkehelseperspektiv

Eit kommunalt skyssreglement må sjåast i samanheng med eit folkehelseperspektiv. Å ta seg til skulen på eiga hand er viktig både for den fysiske og psykiske helsa. I tillegg vil det gje høve til sosial samhandling mellom elevane der fleire går i lag til skulen.

Trafikktryggleik

Foreldra har hovudansvaret for opplæring av eigne barn i trafikken. Skulen har ansvar for rutinar på haldeplass ved skulen, og kan øve på trafikkåtferd på skuleområdet. I skulen er det elles lovfesta å drive trafikkopplæring etter bestemte kompetansemål i læreplanverket.

Retten til fri skuleskyss

Retten til fri skuleskyss er heimla i opplæringslova kapittel 7. Det er ulike reglar for elevar i 1. klasse og elevar i 2.-10. klasse. Hovudreglane står i opplæringslova § 7-1:

Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og kommunen kjem fram i opplæringslova § 13-4:

Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskoleelevar og vaksne som har rett til skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen skal oppfylle retten til reisefølge og tilsyn for grunnskoleelevar og vaksne. Elles er fylkeskommunen ansvarleg for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7. Kommunane betaler refusjon etter persontakst for grunnskoleelevar og vaksne som blir skyssa av fylkeskommunen.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke eit fylkeskommunalt skyssreglement for elevar i grunnskulen som gjer nærare greie for skyssrettane til elevane. Det fylkeskommunale reglementet ligg til grunn for det kommunale skyssreglementet saman med relevante paragrafar i opplæringslova.

Avstandskrav

Avstandskrava etter opplæringslova på 2 km og 4 km er avstandar som vert lagt til grunn over heile landet, og dette er absolutte avstandskrav. Desse krava kan gjere at elevar i same nærområde har ulik rett til skyss. Ein elev kan ha rett til skyss, med ein annan i nærleiken ikkje har same retten.

Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Rådmannen har delegert til kommunalsjef oppvekst å handsame søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Alle søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleskyss skal handsamast individuelt.

Utdanningsdirektoratet har gitt rettleiing i høve til kva moment som kan vere med i vurderinga i rundskriv Udir-3-2009, punkt 12:

Dette kan mellom anna vere trafikkettleik, vegdekke, breidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulykkesstatistikk. Ein må vere merksam på at trafikktilhøva kan endrast gjennom årstidene, til dømes når

det gjeld lys/sikt, føre og brøyting. Det må deretter gjerast ei vurdering av om den einskilde elev har føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbiletet. Ved den individuelle vurderinga må det mellom anna takast omsyn til alder, utvikling, syn og hørsel...»

Utdanningsdirektoratet framhevar at det ut frå ordlyden i oppl. § 7-1 må vere tale om ein "særleg risiko" for å få rett til gratis skuleskyss. Ved tolkinga har direktoratet lagt til grunn at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vere utsette for ein viss fare. Dette er likevel ikkje i seg sjølv nok til å få gratis skuleskyss:

«ettersom det må vere tale om ein 'særleg risiko'. Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som "særleg farleg eller vanskeleg" skuleveg for den einskilde elev.»

Som døme har ein gjennom klagehandsaming fått stadfesta at Vikebygdvegen (Hoggabakkane) ikkje er å rekne som særleg farleg eller vanskeleg for elevar i 5. – 10. klasse.

For elevar i 1. – 4. klasse har strekninga vorte vurdert som særleg farleg, og desse elevane har fått kommunal skyss.

Sidan denne strekninga ved fleire høve har vorte vurdert, og vedtaka har vorte stadfesta av klageinstansen, kan strekninga bli brukt som referanse i vurderinga av andre strekningar.

Søknad om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg

Det er kommunen som har ansvaret for å handsame søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Utdanningsdirektoratet presiserer i eit rundskriv (Udir-3-2009) at elevar som ferdast i trafikken alltid vil vere utsett for ein viss fare og at vilkåret «særleg farleg» i §7-1 må forståast som ein fare utanom det vanlege. Vurderinga må difor bygge på ei konkret skildring av vegen sett opp mot det einskilde barnet sine føresetnader for å klare desse utfordringane.

Søknader om skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg vert handsama individuelt av kommunen, og det vert gjort ei heilskapleg vurdering der følgjande moment er relevante: Trafikktettleik, vegdekke, breidde, vegskulder, fotgjengarovergangar, fartsdumpar, lys, generell sikt, fartsgrense og ulykkesstatistikk.

Når det gjeld alder har både Volda og Hornindal kommunar tidlegare praktisert og vurdert grensa for særleg farleg skuleveg lågare for elevar under 5. klasse enn over. Det har også vorte praktisert «vinterskyss» for eldre elevar i perioden 15. oktober – 15. mars.

Trygg Trafikk har utarbeidd ein eigen [rettleiad for særleg farleg eller vanskeleg skuleveg](#) som kan vere til hjelp for føresette og kommunen.

Akseptabel reise- og gangtid

Møre og Romsdal fylkeskommune nyttar rettleiande samla akseptabel reisetid (gangtid, ventetid og tid med transportmiddel) ein veg:

- Om lag 45 min for 1. – 4. klasse
- Om lag 60 min for 5. – 7. klasse
- Om lag 75 min for 8.-10. klasse

Klageinstans

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er klageinstans for skyssvedtak fatta av Møre og Romsdal fylkeskommune og Volda kommune.

Skysskostnader

Skysskostnadene til kommunen omfattar billettakst for alle elevar med ordinær skuleskyss (tur/retur 190 dagar), midtskyss (skyss midt på dagen utanom skulen si vanlege start- og sluttid), ekstra skyss i samband med symjeopplæring, drosje etter fastsette takstar og evt skysstilskot til foreldre.

For elevar med innvilga kommunal skyss som får plass på allereie oppsett fylkeskommunal skyss, betalar kommunen persontakst. Viss kommunalt innvilga skyss fører til at det må setjast opp eigen skyss, må kommunen bere alle kostnader med ordninga. Dette kan i enkeltsaker gje store kostnader.

I samband med nedlegging av Lid skule i 2010, valde Volda kommune å setje inn ekstraordinær skyss for å unngå at gamlevegen frå Mork til Lid vart nytta. Denne ordninga har ein ekstrakostnad på kring kr 150 000,- pr skuleår.

I samband med nye retningslinjer for kommunal skuleskyss må det takast stilling til om det er grunnlag for å halde fram denne ordninga.

Det er også vedteke at elevar frå Austefjorden som har starta ved Volda ungdomsskule får halde fram der ut grunnskulen. Det tyder at kommunen må pårekne ekstra skysskostnader dei komande tre åra medan elevane gjer seg ferdig med grunnskulen.

Rekneskapen siste åra viser at dei samla utgiftene til skuleskyss er

Volda kommune	2018	1 855 787,-
	2017	1 679 616,-
	2016	1 550 405,-
Hornindal	2018	598 691,-

Framlegg til nytt skyssreglement

Eit høyringsutkast til nytt skyssreglement er utarbeidd, og skal politisk handsamast før nyttår. Høyringsutkastet gir både generell informasjon kring skuleskyss og kva rettar opplæringslova gir i tillegg til særskilde reglar for grunnskuleelevar i Volda kommune der særskilde strekingar som gir rett til kommunal skuleskyss kjem fram.

På strekningar som vert vurdert til å vere *særleg farlege eller vanskeleg*, jfr opplæringslova § 7-1 vert det tilrådd kommunal skuleskyss.

Vikebygdvegen (Hoggabakkane) har for administrasjonen vore ei «referansestrekning» sidan dette er ei strekning som er grundig vurdert av administrasjonen, og Fylkesmannen har stadfesta vurderingane etter klagehandsaming. På denne strekninga vert 1. – 4. klasse innvilga kommunal skuleskyss.

Slik administrasjonen ser det ligg det ikkje føre objektive haldepunkt til å vurdere skuleskyssen frå Lid til Mork skule annleis enn annan skyss som fylkeskommunen er ansvarleg for. Ein legg då til grunn at ein må kunne forvente at fylkeskommunen har ei skyssordning som er forsvarleg. Av den grunn er denne strekninga ikkje sett opp mellom dei som gir rett til særskilt tilrettelagt skyss/kommunal skyss.

Etter synfaring finn administrasjonen ikkje å kunne rå til at strekninga Grothaug – Hornindal skule gir rett til kommunal skyss for elevar i 8. – 10. klasse.

Høyringsuttalar

Forslaget til kommunalt skyssreglement vert sendt til uttale til SU og FAU ved grunnskulane, det kommunale foreldreutvalet og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Frist til å kome med innspel vert sett til 1.november 2019.

Innspel skal merkast med saksnummer 19/15352

Føresette som har innspel kan sende desse via FAU ved skulen der borna går.

Høyringsutkastet er også gjort tilgjengeleg for føresette på Volda kommune si heimeside.

Med helsing

Per Ivar Kongsvik
sektorsjef oppvekst

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Vedlegg
Utkast skyssreglement

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

www.volda.kommune.no
postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3991.07.81727